



## Saksframlegg

<b>Saksnr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato</b>
	Formannskapet	
Sakshandsamar:	Stabsavdelinga	Tove Mette Arnø Fyllingen
	Arkivnr.: 18/22	Klassering:

### Høyring - Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalget i 2019 og stortingsvalget i 2021

Rådmannen legg fram saka utan framlegg til vedtak

.....

#### Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i formannskapet

Kommunal og moderniseringsdepartementet har sendt framlegg til endringar i valloven og valforskriften og to nye forskrifter om gjennomføring av val på høyring.

Framlegg om endringar kjem som følge av Stortinget sitt vedtak i juni 2017 om kommune- og fylkessamanslåingar gjeldande frå 1.januar 2020.

Departementet sine framlegg til endringar:

Ved fylkestingsval vert fylkesvalstyret peika ut av fylkestinget. Det er ikkje på plass eit felles fylkesting før etter valet. Fellesnemnda i fylkeskommuner som skal slå seg saman får mynde til å peike ut valstyret for valet 2019.

Det same vil gjelda kommunane som skal slå seg saman, der er det fellesnemnda som peikar ut valstyret for valet 2019.

Reglane som gjeld listeframlegg, røyserett, kven som kan veljast, førehandsrøysteing, røystring og klagerett knytt til valdistrikt er i framlegget lagt fram som om samanslåingane allereie er gjennomført til valet 2019.

Dei politiske parti må då leggja fram ei felles liste i dei nye kommunane/fylkene.

Framlegg om endringar i samband med stortingsvalet 2021:

I grunnlova er landet delt inn i 19 valdistrikt, etter vallova er det fylka som utgjer dei 19 distrikta.

Det er sett ned eit vallovutval som skal sjå på konsekvensane av strukturendring for valordninga, inndeling av valdistrikt og fordeling av utjamningsmandater.

I framlegget vil ein behalda dei 19 valdistrikta i 2021, men vallova vert endra slik at fylka ikkje lenger utgjer valdistrikta men kva kommunar som utgjer dei enkelte distrikta.

Valoppgjeret for kvart valdistrikt i fylket vert gjort av fylkesvalstyret.

Krav til listeframlegga om tal kandidatar vert og knytt til valdistrikta og ikkje fylka.

.....

**Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost